



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 26/18657

Sakshandsamar: Leni Marie Lisæter

Dato: 24.03.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/26	Plan- og miljøutvalet	28.04.2026

## Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune

### PMUV- 044/26 Vedtak:

Framlegg til Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune vert lagt ut til offentleg høyring.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune vert lagt ut til offentleg høyring.

---

### Bakgrunn for saka:

Viltlova (Lov om jakt og fangst av vilt) vert oppheva og erstatta av Viltressurslova (LOV-2025-06-20-102 - Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv.) som vert gjeldande frå 01.07.2026. Kommunale forskrifter om opning for jakt etter hjortevilt som var heimla i Viltlova må no heimlast i den nye Viltressurslova.

### Saksopplysningar:

For at kommunar skal kunne godkjenne vald for jakt etter ulikt hjortevilt og tildele fellingsløyve må det vere opna for jakt etter dei ulike hjorteviltartane. Dette gjerast i ei eiga opningsforskrift for kvar einskild kommune. I denne forskrifta skal det og fastsetjast minsteareal for godkjenning av vald. Etter den nye Viltressurslova skal kommunane no i tillegg til dette og fastsetje satsar for fellingsavgift.

Kinn kommune har ikkje fastsett eiga forskrift om opning av jakt etter kommunesamanslåinga i 2020. Forskriftene i dei tidlegare kommunane Vågsøy og Flora har framleis vore gjeldande og ein har forheldt seg til dei.

Stortinget fastset i budsjetthandsaminga årlege maksimalsatsar for fellingsavgift for dei ulike hjorteviltartane som kommunane kan krevje inn. Kommunane krev inn fellingsavgifter for hjort med heimel i *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgifter for elg og hjort*. Inntektene frå fellingsavgifta vert ført til inntekt i det kommunale viltfondet.

Tidlegare har kommunane kunne fastsetje fellingsavgifta fritt innanfor rammene gjevne av Stortinget utan nokon særskild heimel. Dei har då vore ein del av det kommunale gebyrregulativet og har vorte justert i samband med budsjetthandsaminga i kommunen. No skal satsane fastsetjast i forskrifta om opning av jakt.

### Vurderingar:

Det er tidlegare opna for jakt på hjort i begge delane av kommunen etter Viltlova. Det er tette hjortebestandar som har vore opna for jakt lenge i begge delar av kommunen. Så det er ikkje nokon tvil om at det er grunnlag for å kunne jakte hjort. Dette er såleis berre ei formell opning som må gjerast i samsvar med at heimel vert i ny lov.

Når det gjeld minsteareal som er grunnlag for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve så er det no 500 daa i tidl. Flora kommune og 600 daa i tidl. Vågsøy. Det er høve å fastsetje ulike minsteareal for ulike delar av ein kommune utifrå ulike bestandstettleik.

Kommunen kan ved tildeling av fellingsløyve fråvike minstearealet med +/- 50 % (50 % regelen). Ved for eksempel eit minsteareal på 500 daa kan ein såleis tildele fellingsløyve til valda med eit areal frå 250 til 750 daa per tildelt fellingsløyve. Men «50 % regelen» kan ikkje nyttast i høve å godkjenne arealet til vald.

Valda i kommunen har siste år hatt eit areal for kvart tildelt fellingsløyve som har variert frå 280 til 593 daa i nordre delen av kommunen og frå 255 til 817 daa i sørre delen. Det er 2 vald i sørre delen som har hatt tildeling av eit areal som er litt over 750 daa per løyve. Ved eit minsteareal for heile kommunen på 500 daa meiner ein utifrå dagens bestandssituasjon å kunne tildele alle valda i kommunen eit høveleg tal fellingsløyve. Framlegget er at minstearealet for jakt på hjort i Kinn kommune vert sett til 500 daa.

For å unngå å måtte endre forskrifta når Stortinget endrar satsane er det meir hensiktsmessig å fastsetje dei som ein prosentsats av maksimalrammene. For jaktåret 2025/2026 var maksimalsatsane for hjort gjevne av Stortinget kr 310 for kalv og kr 520 for vaksne dyr. Satsane i Kinn kommune var då kr 120 for kalv og kr 450 for vaksne dyr. Om ein legg maksimalsatsane til grunn er desse relativt høge for kalv samanlikna med vaksne dyr om ein reknar i høve vekta på dyra. Utifrå forvaltningsmessige omsyn ynskjer ein og at kalv skal utgjere ein stor del av jaktuttaket og for å oppmode til det har Kinn kommune difor lenge hatt ei fellingsavgift for kalv langt under maksimalsatsen. Om ein går ut i frå maksimalsatsane for 2025 utgjorde fellingsavgifta i kommunen 39 % for kalv og 86 % for vaksne dyr av maksimalsatsen. Det ver gjort framlegg om at satsane for fellingsavgift vert fastsett til 40 % av maksimalsatsen fastsett av Stortinget for kalv og 90 % av maksimalsatsen for vaksne dyr. Utifrå maksimalsatsane for 2025 vert dette då kr 124 for kalv og kr 468,- for vaksne dyr.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Viltfondet er eit bunde fond som kommunen ikkje kan disponere til eiga drift. Inntektene frå fellingsavgift har såleis ingen verknad for kommunen sin økonomi

#### **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

Viltressurslova (LOV-2025-06-20-102 - Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv.)

---

## **Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026:**

### **Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

### **PMUV- 044/26 Vedtak:**

Framlegg til Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune vert lagt ut til offentleg høyring.

### **Vedlegg i saken:**

Framlegg - Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune